Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 36. Herad: Utsira

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag:

Oppskr. av: Toralf Kvalvik Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein har ikkje høyrd noko om at folk hadde ei eller annan åtferd som gav uttrykk for at eit arbeid var slurve på seg gjord, men det var ein gamal skikk i høyonna at alt høy som var slegen ned måtte ikkje liggja ubeidd sundagen, for var det skamleg for rakstergjenta som ikkje greide få arbeide sitt gjort og fekk så det dei kalla helgarakster.

For skoyog i all løynd kunne då ungdomar seint laurdagskvelden eller natta til sundag slå ned nokre skårar, slik at rakstergjenta trass alt fekk helgarakster.

Noko anna i denne samanheng, veit ein ikkje om.

2. Det har vore fortald at ungdomar har reist opp polar eller stokkar på ytterdøra, at når dei som inne var skulle ut fekk stokkane innover seg då døra vart opna.

Likeins at båtar har vore dregne opp og sett frammed døra, slik at den som naudsynleg måtte ut om natta, gjekk beint oppi båten.

Sovorne fanteslykkje kunne og kan gjerast, ikkje for å markera nokon fast dag eller tid

11629

2

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men på slump etter som det höver.

3. Ein kjenner ikkje likt til noko av det som er nemnd i dette spursmålet.

4. Det var sedd på å vera ein uskikk, men ikkje at det vart sett noko klengjenamn til.

5. Dei som ikkje fekk noko nytt plagg til jul, måtte bera varehodnet.

6. Kon var ein nåttentått - t.d. og at den som sende barnet til byn, måtte sjölv gå oppatt på ny.

11629